

HERIBERT PICHT – OMRISS AV EIN BIBLIOGRAFI

Til eit festskrift høyrer det som oftast med ein komplett bibliografi. Alle har visst at Heribert har publisert flittig gjennom mange år, i mange samanhengar og forum, i ulike format, og på (minst) fire språk. Oppgåva verka derfor uoverkommeleg, og nokon fullt autorisert bibliografi har det då heller ikkje lukkast oss å laga. Likevel har vi gjennom forsking – men også etterforsking – fått tak i såpass mykje materiale at vi er i stand til å gi i det minste eit omriss av ein "Pichtiana" frå åra 1968 til og med 1999.

Denne uautoriserte bibliografien ville i trykt tilstand ha blitt på ca. 165 nummer. Nummer 1 er EA/ED-spesialet frå 1968, med tittelen *Tyske militære begreber, talemåder og citater anvendt i overført betydning*. Det arbeidet vi reknar med er det nyaste, er Oeser, Erhard & Heribert Picht (1999): "Terminologische Wissenstechnik". Det er eitt av til saman fire bidrag av Picht til den store encyklopedien om fagspråk (HSK-serien) som er gjeven ut på De Gruyter.

Åra mellom 1968 og 1982, dei første ca. 30 nummera av bibliografien, er prega av ei lang rekke større og mindre arbeid om terminologiske metodeproblem, terminologisk organisering og utdanningspolitikk, bokmeldingar med meir. Det er naturleg å markera 1982 som eit skilje, fordi han dette året gav ut *Einführung in die übersetzungsbezogene Terminologiekarbeit* (Hildesheim: Olms) saman med Reiner Arntz (revidert 1989). Denne boka er rekna som eitt av standardverka om terminologi, og har fått særleg mykje å seia for det nordiske området – saman med kursrapporten frå forskarkurset i 1985. Boka er også omsett til spansk.

På 1980-talet publiserte Heribert i overkant av 60 arbeid, framleis med variert innhald. Arbeid om grunnlagsproblem i internasjonal standardisering blir tydelege, det same blir lingvistisk prega arbeid om fraseologi, minst åtte arbeid fram til 1991. Han er den i Norden som sterkest arbeider for å integrera terminologi og nyare "vidensteknik", mellom fem og ti arbeid på 1980-talet, eit tilsle fleire på 1990-talet. I 1985 kom den andre viktige innføringsboka i terminologi, publisert saman med Jennifer Draskau: *Terminology: An Introduction* (University of Surrey).

Ut gjennom 1990-åra har produksjonen hans – ca. 65 arbeid – utvikla seg i to tydelege retningar. For det første er han blitt meir og meir opptatt av det sentrale teoretiske grunnlaget for terminologien. Tittelen på foredraget han heldt ved det 9. europeiske fagspråksymposiet i 1993 er symptomatisk: "Die Terminologiewissenschaft 1993". Dette førte til samarbeidet om boka *Terminologi som vetenskapsgren* i 1997 (Lund: Studentlitteratur, tysk utgåve på TermNet i 1998: *Terminologie unter der Lupe*), saman med Christer Laurén og Johan Myking. I nær samanheng med dette arbeidet har han for det andre utforska det interdisiplinære aspektet ved terminologien, og gitt ut fleire viktige semiotisk prega arbeid om ikkje-verbal begrepsrepresentasjon. Dette er eit forskingsfelt han prioriterer høgt i dag, og han har mykje ugjort der.

Gjennom desse tretti åra har Heribert publisert ei rad større og mindre antologiar, konferanserapportar, historiske oversikter og samleverk. På mange konferansar er det Heribert Picht som har hatt den naturlege arbeidsoppgåva å stå for syntesen og oppsummeringa. Ikkje minst ser vi det i dei første Nordterm-rapportane og andre tilsvarande nordiske rapportar, der han alltid legg stor vekt på å identifisera nye utviklingstrekk i terminologien.

Heribert Picht har markert seg som ein profilert forskar som alltid har lagt vekt på å framheva terminologi som ein genuint interdisiplinær vitskap. Av oversynet ovanfor ser vi at dei viktigaste arbeida, anten det er innføringsverk eller forskingsfornyande arbeid, har han produsert saman med andre. Medarbeidarane hans høyrer heime i ulike språkområde og forskingsmiljø, og han er dermed i dag i kontakt med faglege perspektiv som ikkje er like tydelege i den tidlege fasen. Samarbeidsevne, kontaktflate og vilje til fornying skal derfor stå som karakteristiske drag ved den faglege produksjonen hans.